

# 7

## Strategiar for språkleg velferd

ELI BJØRHUSDAL

**SAMANDRAG** Kapittelet handlar om norsk språkforvaltning, det vil seie offentleg styring av nynorsk- og bokmålsbruk. Føremålet er å sjå sentrale språkpolitiske omgrep og ordningar i eit velferdsteoretisk perspektiv, og eit vesentleg spørsmål er om argumenta for og mot velferdsuniversalisme og målstyring kan brukast på same måten i språkpolitikk som i annan velferdspolitikk. Universalmodellen kan vere tilstrekkeleg på det økonomiske feltet, der velferdsrettane tek sikte på å sikre det utsette individet. Men språk er eit gruppefenomen. Ein kan dermed spørje seg om språklege velferdsrettar òg må ta sikte på å sikre det utsette språkkollektivet, og om *språkpolitisk gruppedifferensiering* kan vere ein strategi for å sikre språkleg velferd for språksamfunn i mindretal.

**ABSTRACT** This chapter examines Norwegian authorities' policy and planning strategies for the written languages Norwegian Nynorsk and Norwegian Bokmål. The overarching aim is to diachronically explore the practices of and rationales behind Norwegian language regimes in the context of welfare theory, and more specific, in the context of the principle of universalism versus its opposite, the principle of targeting and group-differentiation. The purpose is to discuss whether the arguments in favor of and against the mentioned principles work the same way in language policy discourse as they do in general welfare policy discourse. Does the fact that language is a group phenomenon, justify language welfare rights designed as group-differentiation? Could group-differentiated language rights be a future strategy to secure linguistic welfare to minority language groups?

**NØKKEWORD** norsk språkforvaltning | språkrettar | universalisme | gruppedifferensiering

## INNLEIING

Temaet her er norsk språkforvaltning. I denne samanhengen tyder dette offentleg styring av nynorsk og bokmål på kulturfeltet og opplæringsfeltet. Særleg skal politiske strategiar drøftast for det minste av dei to språksamfunna, nemleg nynorskbrukarane, som har sitt territoriale kjerneområde på Nord-Vestlandet. Framstillinga byggjer på ein analyse av om lag 140 offentlege dokument frå opplæringsfeltet og kulturfeltet/offentleg teneste mellom 1885 og 2005 (Bjørhusdal, 2014).

## FØREMÅL

Hovudføremålet med arbeidet er å lese norsk språkforvaltning inn i ein vidare velferdsteoretisk kontekst. Den nordiske velferdsmodellen er rekna som effektiv og vellukka, og har vore gjenstand for stor forskingsinteresse (sjå til dømes Kettunen, Kuhnle og Ren, 2014, Hatland, Kuhnle og Romøren, 2011, Kildal og Kuhnle, 2005). Interesse for det eg førebels kallar den norske språkvelferdsmodellen har ikkje vore like stor. Likevel kan det hevdast at norsk språkvelferd er bygd på ordningar som relaterer til velferdsmodellen elles, og at det dermed er interessant å analysere dei norske språkpolitiske institusjonane i ljøs av sentrale drag ved velferdsstatsteoriens universalmodell.

Eitt slikt trekk er kollektivet si viktige rolle: Trygginga av folk si velferd er eit felles, offentleg ansvar, fyrst og fremst uttrykt gjennom skatteordningar. Nært knytt til dette er modellens føreskriving av universelle, ikkje-behovsprøvde rettar til relativt rause ytingar. Dei siste åra har universalitetsprinsippet likevel vore omdiskutert, og motstykket *målretting* er i ferd med å bli eit tevlande prinsipp i den offentlege debatten (Kuhnle og Kildal, 2011, Kuhnle og Ervik, 2011, Kildal 2006, Kildal og Kuhnle, 2005). Her skal eg drøfte fylgjene av universalitetsprinsippet når det er nytta i forvaltninga av nynorsk og bokmål. Eit vesentleg spørsmål er om argumenta for og mot universalisme og målstyring kan brukast på same måten i språkpolitikk som i anna velferdspolitikk.

Eg byrjar med å gjere greie for korleis norsk språkvelferd har teke form, ved å undersøkje formelle institusjonar i den norske statens språkforvaltning. «Formelle institusjonar» refererer her til dei normene me møter gjennom forvaltningsapparatet, som politiske ordningar og juridiske reguleringar som er etablerte for bruken av nynorsk og bokmål (Cardinal, 2015, Sonntag, 2015). Deretter skal desse institusjonane relaterast til sentrale drag ved velferdsstatsteoriens universalmodell, og eg skal så diskutere kva for konsekvensar denne politiske utforminga kan ha for bruken av dei to skriftspråka. Til slutt tek eg eit meir normativt perspektiv og lanserer alternative strategiar for språkleg velferd.

## NYNORSKEN PÅ NORD-VESTLANDET

Sogn og Fjordane og delar av Møre og Romsdal er viktige for nynorsken. Sogn og Fjordane utgjer det desidert sterkaste nynorskfylket med 97,4 prosent nynorsk fyrstespråk i grunnskulen. Det nest største nynorskfylket i prosent er Møre og Romsdal (51 prosent nynorsk i 2013), men her er fylket språkgeografisk delt i to. Sunnmørskommunane unnateke Ålesund har oppunder 100 prosent nynorsk i grunnskulen (2013).<sup>1</sup> Romsdalen og Nordmøre utgjer no eit språkleg grenseland der somme av kommunane framleis har over 90 prosent nynorsk, medan andre har hatt klar nedgang dei siste tiåra (Grepstad, 2010). Delar av Rogaland og Hordaland må òg reknast som det nynorske kjerneområdet, men i desse fylka er det utslagsjevande at storbyane veks, og at folketalet i den tunnast folkesette periferien går ned. Det gjer tydelege utslag på nynorskprosenten her (frå 29 og 47 prosent i 1976 til 24 og 39 prosent i 2013).

Nord-Vestlandet er såleis det nynorske *heartland*, som det gjerne heiter i språksosiologien, eit område som er dominert av nynorsk, som dermed gjer nynorsk naturleg, til «default». Nasjonale mindretalsspråk treng majoritetsspråkstatusen i slike heartlands for å kunne oppretthaldast, argumenterer fleire språksosiologar for (Williams, 2012, Laponce, 2004).

Så kan det òg sjå ut som at nynorsken er viktig for nordvestlendingane. No skal ikkje denne framstillinga vere nokon kulturhistorisk gjennomgang av nynorsken si rolle i regionen, heller ikkje ein argumentasjon for kva for kulturell styrke nynorsken kan gje folk og institusjonar her. Eg skal nøye meg med å slå fast at nynorsk, trass i at det i nasjonal målestokk er eit mindre brukt språk og dermed er sterkt utsett for språkskifte og språkforvitring, har halde overraskande godt stand på Nord-Vestlandet. I europeisk kontekst er nynorsk då heller ikkje rekna som eit truga språk (M. P. Lewis et al., 2013, Salminen, 2007, s. 215). Sjølv om det nok kunne vere både lettare og meir lettvint for nordvestlendingar og nordvestlandske bedrifter å nytte bokmål, held nynorskbruken seg stabilt stor i regionen.

## SPRÅKLEG VELFERD SOM OMGREP OG OBJEKT

I samfunnsvitskaplege kontekstar viser termen velferdsstat både til politiske system som tryggjar folk økonomisk mot ulike former for risiko, men òg til system som i tillegg garanterer sosiale rettar og moglegheiter for å leve gode liv (Kuhnle og Kildal, 2011, Kuhnle og Ervik, 2011, Kildal og Kuhnle, 2005). I tråd med det

---

1. Tabell 03743: Elevar i grunnskolen, etter målform (F) [2013], Statistikkbanken, SSB, henta 20.1.2014.

siste har det særleg i nyare nordamerikansk og kanadisk politisk teori vore diskutert i kva grad språk kan eller skal vere gjenstand for offentlig velferdsplanlegging – på lik line med for eksempel helse og utdanning (Sonntag og Cardinal, 2015, De Schutter, 2007, Patten, 2003, Rubio-Marin, 2003, Laitin og Reich, 2003, Carens, 2000, Kymlicka, 1995). Den vitskaplege diskursen har her vore nært knytt til politiske diskusjonar om språklege og kulturelle rettar til minoritetar i USA og Canada. Då snakkar me både om rettane til nye immigrantgrupper og til dei gamle nasjonale minoritetane. Disiplinen eller fagtradisjonen er ofte kalla «language policy and planning» (LPP) (Spolsky, 2012, Ricento, 2000), ofte språkpolitisk teori (language rights and political theory) (De Schutter, 2007, Patten og Kymlicka, 2003). Omgrepet *språkleg velferd* er sporadisk nytta og ikkje etablert i denne tradisjonen, men uttrykket refererer her til graden av statleg tilrettelegging for at medlemmer av særlege språksamfunn skal kunne bruke og møte sitt eller sine språk (Gazzola, 2014).

Dei færreste i fagtradisjonen vil avvise at språk kan vere kultur- og identitetsberande for individ og grupper, at det tener som ein identitetsmarkør, og at det såleis har ein felles kulturell verdi for fleire. Dette er dessutan eit empirisk spørsmål: Historia har synt at språk tyder noko for folk og folkegrupper, ofte så mykje at det endar i konflikt og krig (Patten og Kymlicka, 2003). Det sentrale spørsmålet i språkpolitisk teori er dermed ikkje om språk *har* kollektiv verdi, men kva for normative konklusjonar som skal trekkjast av dette. Diskusjonen har altså gått på om *rett til språk* er eit velferdsgode i politisk forstand; om språkbruk skal regulere seg sjølv, utan politisk styring, eller om staten skal drive politikk for at særlege språk skal vere i bruk på særlege domene – altså om somme språk skal sikrast for brukarane sine. Såleis er tyngda av forskingslitteraturen på feltet normativ: Utgangspunktet er at spørsmålet om korleis staten handterer kulturell variasjon, treng ei *løysing* (Sonntag og Cardinal, 2015, Gazzola, 2014, De Schutter, 2007, Barry, 2001, Carens, 2000, Kymlicka, 1995).

Dette er spørsmål som har vore lite diskuterte i norsk faglitteratur. I motsetnad til den amerikanske og kanadiske tradisjonen er det i stor grad (sosio)lingvistar og nordistar som har vore leiande i diskusjonane om språkpolitikk og språkplanlegging i Noreg. Kanskje er det grunnen til at norsk LPP-forskning har vore dominert av arbeid om tilhøvet mellom talemål og skriftmål, språklege variantar og rettskrivingsreformer (Vikør, 2007). Med unnatak av juristane Sigve Gramstad og Kåre Lilleholts arbeid (Gramstad, 2010, Lilleholt og Gramstad, 1983), har norsk språkplanleggingsforskning på nynorsk og bokmål i liten grad sett mot internasjonal språkrettsdebatt og språkpolitisk teori. Situasjonen er noko annleis når det gjeld forskning på politikk og rettar for nye språkminoritetar i Noreg, og også for

samiske språkgrupper (jf. til dømes Pedersen og Høgmo, 2012, Skogvang, 2009, Engen og Kulbrandstad, 2004, Hauge, 2007).

Heller ikkje norsk samfunnsvitenskap har synt særleg interesse for institusjonar i offentlig språkpolitikk. Det er gjort mykje og framståande forskning på den norske velferdsstaten og velferdsmodellar, men rolla til språkpolitikken og språkforvaltninga har ikkje vore gjenstand for analyse. I internasjonal samfunnsvitenskap/politisk teori finst det derimot ein tradisjon for å arbeide med språkpolitiske spørsmål (Cardinal og Sonntag, 2015, Spolsky, 2012, Van Parijs, 2011, Kymlicka og Patten, 2003).

Språkjuristen Ruth Rubio-Marín kategoriserer språklege rettar som anten instrumentelle eller ikkje-instrumentelle. Instrumentelle rettar er dei som er etablerte for folk som vantar kompetanse i majoritetsspråket – dei er altså designa for å fremje kommunikasjon og forståing. Døme er rett til tolk i rettsaker. Ikkje-instrumentelle er rettar som vert gjevne uavhengig av kommunikasjonsfremål – dei vert altså innrømde mindretalsspråkgrupper uansett om brukarane her er kompetente i majoritetsspråket eller ikkje (Rubio-Marín, 2003). Døme er ein kvar nynorsk språkrett. Somme vil kanskje då argumentere for at årsaka til manglande fagleg og politisk debatt om språkrettar i Noreg kjem av at språkspørsmålet nettopp ikkje kan sjåast som eit instrumentelt velferdsspørsmål her. Språklege rettar for til dømes det spansktalande mindretalet i USA eller ulike inuittspråkmindretal i Canada må reknast som velferdsrettar, kan ein hevde, fordi mindretalsspråkbrukarane her ikkje nødvendigvis forstår majoritetsspråket og dermed ikkje kan kommunisere med storsamfunnet utan grunnleggjande språkrettar. At nynorskbrukarar både forstår og kan bruke bokmål, kan vere eit argument mot å nytte velferdsomgrepet om norske tilhøve.

Rubio-Marín er likevel skeptisk til forsøk på å avgrense *rett til språk* til *rett til kommunikasjon*, og i tråd med dette, trur også eg at det er vanskeleg å avgrense velferdsspørsmål frå kultur- og identitetsspørsmål. Reint empirisk ser me då òg at somme av dei språksituasjonane som har avfødd mest politisk diskusjon og fagleg teoretisering om forvaltning av mindretalsspråk, nemleg tilhøvet mellom fransk og engelsk i Canada, katalansk og spansk i Katalonia og walisisk og engelsk i Wales, har språkmindretal som forstår og kommuniserer problemlaust på majoritetsspråket.

## INSTITUSJONAR I OFFENTLEG SPRÅKFORVALTNING

Når eg no skal ta føre meg sentrale institusjonar i norsk språkforvaltning, er det med utgangspunkt i fylgjande parameter frå språkpolitisk teori: distinksjonen mellom territoriale og personlege tilnærmingar, mellom negative og positive ret-

tar, og til slutt den mellom gruppedifferensierte og universelle ordningar. Analysane skal oppsummerast med særleg blick på dei nemnde kjenneteikna ved velferdsuniversalismen: statleg ansvar og involvering, og universelle, ikkje-behovsprøvde rettar.

## TERRITORIELLE OG PERSONLEGE TILNÆRMINGAR

*Territorielle* institusjonar medfører at språkrettane til ein person er avhengige av kva for del (territorium) av staten ho oppheld seg i. Eit bestemt språk vert tildelt eit bestemt geografisk område: Kvar territorium har eit språk det kan kalle sitt eige, og kvar språk skal ha eit territorium som det kan kalle sitt. Såleis går territoriell språkpolitikk ut på å dele ein fleirspråkleg stat inn i ein serie av meir eller mindre eittspråklege område (Williams, 2012, Laponce, 2004, Réaume, 2003, Patten, 2003). Eit døme på ein norsk territoriell institusjon er organiseringa av elevane sitt fyrsteskriftspråk i barneskulen. Det norske opplæringsmålet er geografisk bestemt gjennom *skulekrinsordninga*. Direkte val, lokale folkerøystingar, er det som avgjer opplæringspråket i ein skulekrins, og såleis er Noreg sett saman av i prinsippet tusenvis av heilt små språkterritorium som iallfall opplæringsmessig er eittspråklege. I praksis er skulekrinsens språk, det vil seie resultatet av folkerøystinga, ofte ein konsekvens av det *kommunale administrasjonsspråket*. Sistnemnde er òg ein territoriell institusjon: Forvaltningsspråket for kommunen vert avgjort av kommunestyret (Bjørhusdal, 2014, Søberg og Tangerås, 2003).

På den andre sida har me *personlege* institusjonar; ordningar som gjev borgarar det same settet av språkrettar uansett kvar dei er i den aktuelle staten. Språkrettane fylgjer altså språkbrukaren kvar enn i staten ho ynskjer å bu (Williams, 2012, Laponce, 2004, Réaume, 2003, Patten, 2003). Døme på norske personlege språkopplæringspolitiske ordningar er retten ein grunnskuleelev har til å velje lærebøker på det andre skriftspråket, bortsett frå i norsk, eller retten på vilkår til å gå i språkleg parallellklasse på barnesteget (Bjørhusdal, 2015). Når det gjeld offentleg målbruk, har norske innbyggjarar personleg rett til å kommunisere skriftleg med staten på det språket dei sjølve ynskjer, uansett kvar i staten dei bur (Bjørhusdal, 2014).

Eit grunnleggjande utgangspunkt for forvaltninga av nynorsk og bokmål er dei territorielle institusjonane skulekrinsspråk og kommunalt administrasjonsspråk. Interessant med dei er at dei er baserte på *lokale fleirtalsavgjerder*. Her skil norsk forvaltning seg frå det ein finn i mange andre fleirspråksamfunn. I Noreg har den administrative eininga fyrst vorte etablert, altså skulekrinsen eller kommunen, og deretter er det så opp til folkefleirtalet om det skal vere nynorsk eller bokmål i

eininga. I skulekrinsen skjer dette gjennom direkte val, i kommunen gjennom indirekte. Einingane har ikkje vore etablerte ut frå lingvistiske tilhøve, i motsetnad til for eksempel irske gaeltacht. Det er heller ikkje sentralstaten som har avgjort kva for eining som skal ha kva språk, som i Irland, eller som med det samiske forvaltningsområdet i Noreg (Bjørhusdal, 2014, Nybø, 2013).

Eg oppsummerer: Både territorielle og personlege institusjonar i norsk språkforvaltning fortel om offentleg involvering i distribusjonen av dei to norske skriftspråka. Men dei fortel òg om ein *tilbaketrekt sentralstat*. Dei personlege ordningane er jo nettopp etablerte for at individet sjølv skal få bestemme så mykje som råd om kva for språk det skal bruke og møte. Statleg tilbaketretheit karakteriserer òg dei norske territorielle ordningane – språkvalet er delegert til lokal folkesuverenitet. Den norske sentralstaten har altså involvert seg i organiseringa av val av skriftspråk for å kunne organisere vala bort frå seg.

## NEGATIVE OG POSITIVE RETTAR

Forvaltninga av nynorsk og bokmål kan òg sjåast i lys av omgrepsparet negative rettar og positive rettar. Førestillinga om fridom som *negativ*, som fridom frå statleg innblanding, har stått sentralt i den liberalistiske tradisjonen etter John Stuart Mill. Ho vart relansert av Isaiah Berlin i eit essay frå 1958 (Berlin, 1969). Berlin bestemmer dermed positiv fridom som fridomen som individ har til å ta del i kollektive avgjerder som har direkte påverknad på liva deira. Men det positive fridomsomgrepet kan òg medføre og har medført autoritære styreformar, seier han, fordi det i somme realiseringar ofrar individets private fridom på alteret til påståtte felles godar. Berlin verdset fyrst og fremst den veridipluralismen som han meiner fylgjer eit negativt fridomsomgrep.

Berlins filosofiske omgrep positiv og negativ fridom kastar ljøs over dei juridiske omgrepa positiv og negativ rett, jamvel om det siste ikkje utan vidare kan utleiast frå det fyrste. I amerikansk og vesteuropeisk teori har aksene som spenner mellom språkrettar, oppfatta som negative rettar på den ein sida og positive rettar på den andre, vore sentral i diskusjonane om språkpolitikk. Juristane Meital Pinto (2009) og Ruth Rubio-Marín (2003) karakteriserer negative språkrettar som fridom frå språkleg diskriminering og fridom frå innblanding frå staten når det gjeld språkbruk; statens engasjement skal avgrensast til engasjement mot undertrykking. Positive språkrettar er karakteriserte ved at ein stat aktivt forpliktar seg til å gripe inn til fordel for eit særleg språk eller særlege språk ved ulike tiltak på ulike felt. Det er dette som me vanlegvis kallar språkpolitikk eller språkforvaltning. Karakteristisk for statusen *offisielt språk* er jo då at det offisielle språket har knytt

positive språkrettar til seg, det vil seie *politikk*, det vil seie at staten har forplikta seg ikkje berre til å tillate dette språket, men òg til å bruke det i statsforvaltning og opplæring. Negative språkrettar sikrar at styresmaktene syter for at individa kan bruke det språket dei vil, men ein reindyrka negativ språkrett vil ikkje opne for offentleg tilrettelegging for ein særleg språkbruk (Pinto, 2009, Rubio-Marín, 2003).

Ofte snakkar ein om *gradar* av positive og negative prinsipp – det er ikkje alltid det er like lett å reindyrke (Pinto, 2009). Til dømes kan ein spørje seg om det gjev meining å snakke om reindyrka negative rettar når det gjeld offentleg målbruk i Noreg. Ein kan jo tenkje seg ei ordning om at ein språkbrukar har rett til å vende seg til staten på kva for språk ho sjølv vil, men at ho likevel ikkje har rett til å få svar frå staten på dette språket. Dette har då òg frå tid til anna vore eit levande alternativ i norsk språkpolitisk debatt – både rundt innføringa av den fyrste norske mållova i 1930, i tilrådinga til den såkalla Vogt-komiteen frå 1966 og i debatten rundt den nye mållova frå 1980 (Bjørhusdal, 2014). Dagens norske regjering ynskjer at dette skal inn som prinsipp i den nye språkløva som kanskje kjem i 2016. I desse framlegga ligg likevel ikkje ein *reindyrka* negativ språkrett, ettersom dei føreskriv statleg plikt til å lese og forstå både nynorsk og bokmål. Kanskje kan ein i staden kalle dette eit modifisert negativ rettsprinsipp.

I alle høve er institusjonane i offentleg målbruk prega av positive rettsprinsipp for både nynorsk- og bokmålsbrukarar: Dei har same retten til at staten kommuniserer med dei på føretrekt språk, og sjølvstøtt same retten til å røyste for sitt val av administrasjonsspråk i kommunestyret (Bjørhusdal, 2014, Lilleholt og Gramstad, 1983).

Om me ser på opplæringsinstitusjonane, finn me at døme på ein *reindyrka negativ* språkrett er retten som minoritetslevar har til å bruke morsmålet sitt på skulen i kommunikasjon med kvarandre og i andre uformelle situasjonar. Men utover den behovsprøvde retten til morsmålsopplæring, som ein del minoritetslevar sjølvstøtt har, finst ingen ubetinga rett til å få tilrettelagt undervisning på eller opplæring i fyrstespråket for denne elevgruppa. Eit typisk døme på ein *positiv* opplæringspråkrett er retten som barneskulelevar med bokmål har i bokmålsskulekrinsar, og som levar med nynorsk har i nynorske skulekrinsar, til å få undervisning og opplæring i eige språk. Den personlege retten til å opprette parallellklassar, rett nok på vilkår, er òg ein del av eit slikt positivt språkrettsleg prinsipp (Bjørhusdal, 2015).

Interessant med norsk morsmålsforvaltning er at det likevel er eit brot i språkrettslege prinsipp mellom barnesteget på den eine sida, og ungdomssteget og vidaregåande på hi sida. Elevar på ungdomssteget og i vidaregåande har heller få formulerte positive språkrettar: Dei har rett til å levere skriftlege svar på hovud-



målet sitt og har rett til læremiddel og eksamensoppgåver på fyrstespråket. Men dei har ikkje formell rett til å få undervisning på eller opplæring i språket sitt. I praksis gjeld dette oftast dei elevane som hamnar i språklege mindretal i klassen sin (Bjørhusdal, 2015).

Oppsummeringsvis kan ein seie at statleg ansvar og involvering, uttrykt ved positive språkrettar og språkpolitisk *hands on* kjenneteiknar offentleg målbruk og *barnesteget* i opplæringa. Negative språkrettar og større grad av politisk *hands off* kjenneteiknar den språklege forvaltninga av ungdomssteget og i vidaregåande skule.

## DIFFERENSIERTE OG UNIVERSELLE ORDNINGAR

Distinksjonen mellom «universal rights» og «group-differentiated rights» er mykje diskutert i litteraturen om språkpolitikk, mellom anna av den kanadiske filosofen Will Kymlicka (1995). Kymlicka ser ulike typar av den sistnemnde kategorien: Somme gruppedifferensierte rettार høyrer til individuelle medlemmer av minoritetsgrupper, til dømes innrømmer somme statar nokre språkgrupper rett til språkleg tilrettelegging ved politiske val. Andre gruppedifferensierte rettार høyrer til ei gruppe qua gruppe heller enn einskildmedlemene i gruppa for seg, til dømes at somme urfolk og nasjonale minoritetar ifylgje internasjonale avtalar har rett til sjølvstyre. Viktigast i denne samanhengen er likevel at alle desse kan karakteriserast som politisk særbehandling, dei er rettार som er innrømde berre til medlemmer av særlege språkgrupper. Universelle rettार er derimot rettार som alle i den relevante jurisdiksjonen har, uansett kva for språkgruppe dei høyrer til. Dei kan såleis kallast likebehandling (Patten og Kymlicka, 2003, Kymlicka, 1995).

Norsk språkpolitisk forvaltning er prega av universelle institusjonar. På opplæringsfeltet har både nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar rett til å opprette parallellklassar på barnesteget, dei har same rett til læremiddel på personleg føretrakt språk på ungdomssteget og i vidaregåande, same rett og plikt til å lære det andre språket, altså sidemål, på same vilkår og med same type eksamen, og same rett til å kollektivt avgjere om skulekrinsen deira skal ha nynorsk eller bokmål. Desse ordningane gjeld både nynorskbrukarar i bokmålskulekrinsar og bokmålsbrukarar i nynorskskulekrinsar, og er dermed ikkje differensierte, men universelle (Bjørhusdal, 2015).

Det finst somme få innslag av gruppedifferensiering mellom nynorsk- og bokmålslevar på opplæringsfeltet. Særleg statleg økonomisk støtte til utgjeving av nynorske læremiddel må kategoriserast her, ei ordning som skriv seg heilt tilbake til 1880-talet (Haugland, 1985). Institusjonen *Nasjonalt senter for nynorsk i opp-*

*læringa* er òg eit døme på språkopplæringspolitisk gruppedifferensiering, fordi eit liknande tiltak ikkje er oppretta for bokmål (Bjørhusdal, 2015). Ut over dette heller gamle tiltaket og det heller nye, er det få og ingen døme på særbehandling av det nynorske språksamfunnet når det gjeld fyrstespråkopplæring.

I offentleg målbruk av nynorsk og bokmål let det seg ikkje gjere å identifisere differensierte ordningar, iallfall ikkje dei som særbehandlar nynorsk. Ein kan likevel hevde at tilhøvet mellom norskbrukarar og samiskbrukarar er differensiert, ettersom berre personar med norsk som fyrstespråk kan vende seg til den norske statsforvaltninga på eige språk. Den same retten har som nemnt ikkje samiskbrukarar utanfor det det samiske forvaltningsområdet (jf. samelova, 1987, § 3-3).

Nokon vil hevde at brukarane av eit mindretalsspråk, i dette tilfellet nynorskbrukarane, i realiteten er særbehandla når dei er formelt likebehandla. Argumentet er då at nynorskgruppa er så mykje mindre enn bokmålsgruppa. Det gjer likebehandling urettferdig; til eit røyntleg privilegium. Men dette er eit spørsmål som handlar om kva som i utgangspunktet har vorte bestemt som like politiske storleikar, og høyrer i så måte til ein annan diskusjon. Ut frå premissen om at nynorsk og bokmål nettopp er definerte som like storleikar, altså offisielle språk, er målet her å undersøke om og når staten likevel formelt særbehandlar ei av gruppene.

Eg kan difor oppsummere at språkpolitisk differensiering skjer i liten grad i norsk språkpolitikk, og at denne dermed er merkt av *universalisme*.

## EIN TEORI OM NORSK SPRÅKFORVALTNING

Korleis relaterer så språkforvaltningas formelle institusjonar seg til den norske velferdsmodellens statsinvolvering og universalisme? Vonleg har det gått fram at dei er prega av ein for så vidt i utgangspunktet aktiv stat når det gjeld *tilrettelegging for tospråklegheit*, ein stat som likevel er tilbaketrekt i høve til styring av *kva for språk folk faktisk vel*. Dei språkpolitiske rettane er ikkje-differensierte og ikkje-behovsprøvde, det vil seie universelt likebehandlande. Såleis kan ordningane òg karakteriserast som nøytralitetsfremjande.

Språkpolitisk universalisme kan forståast som «nøytral» i tradisjonell liberalistisk forstand. Det er ein posisjon som har vore særleg knytt til den politiske filosofen Brian Barry (Lewis, 2011, De Schutter, 2007, Laitin og Reich, 2003), som hevdar at rettvis politisk handsaming av kultur og identitet må vere grunna i statsminimalistisk *nøytralitet* (Barry, 2001). Eit føredøme for teoretikarar i denne tradisjonen er den sekulære religionspolitikken i statar som Frankrike, som seier at det staten må gjere i fleirkultursituasjonar, er å ikkje ta eller lyfte opp nokon posisjon i det heile teke. Dette er altså ein posisjon som avviser offentleg identitets-

politikk. Likevel aksepterer han at språkpolitisk forvaltning kan vere instrumentalistisk naudsynt for å nå andre politiske og moralske mål – til dømes uhindra språkleg kommunikasjon, nasjonal integrasjon og økonomisk utjamning (Robichaud og De Schutter, 2012, Barry, 2001). Det som ikkje er ynskeleg, er at staten prioriterer somme oppfatningar av identitet eller det gode liv over andre. Offentleg «disestablishment» og ein minimal stat er dermed den beste statlege responsen på kulturell og språkleg pluralisme. Så må statsborgarar naturlegvis sikrast mot direkte diskriminering – men dette tek anna lovgjeving seg av (De Schutter, 2007, Patten og Kymlicka, 2003).

Til dette svarer Will Kymlicka at statleg språknøytralitet rett og slett ikkje er mogleg. Årsaka til det ligg i språkets natur. Staten må nødvendigvis fungere på eitt eller fleire språk; i sin sosialpolitikk, i opplæring og i parlamentariske, departementale og juridiske institusjonar. Ein stat er per definisjon ein språkinstitusjon, og statleg lingvistisk tilbaketrekking er såleis ikkje eit alternativ. Staten kan i prinsippet garantere religionsnøytralitet ved å ikkje slutte seg til nokon offisiell religion, men han kan ikkje garantere perfekt lingvistisk og dermed heller ikkje kulturell nøytralitet (Kymlicka, 1995). Kymlicka meiner altså at det verdinøytrale svaret på korleis ein stat bør oppføre seg i språk- og kulturspørsmål, nemleg lingvistisk ytringsfridom og statleg handsoff, rett og slett ikkje verkar. Han kallar posisjonen «benign neglect» (Kymlicka, 1995, Patten og Kymlicka, 2003). I norsk samfunnsteori vert dette kalla velmenende likegyldighet (sjå til dømes Rogstad og Solbrække, 2012), som eg omset til *velmeinande likesæle*.

Kymlickas prinsipielle avvising av velmeinande likesæle på språkpolitikkfeltet vert støtta av fleire teoretikarar. Filosofen Helder De Schutter formulerer det slik: «We cannot not intervene» (De Schutter, 2007, s. 17), medan Ruth Rubio-Marín går argumentativt hardare til verks: Ho hevdar at velmeinande likesæle kan vere ein strategisk, aktiv språkpolitikk i ly av liberale fridomsargument (Rubio-Marín, 2003, s. 55).

Kymlicka sin ståstad er kalla liberal kulturalisme (Laitin og Reich, 2003). Essensen her er at språket eller språka til innbyggjarane er nettopp velferdsgode som staten må vere med å distribuere. Men også innanfor den liberale kulturalismen finst det strategiske motsetnader. Den viktige ser ut til å gå mellom egalitær inspirerte teoriar som føreskriv *prosedural* statleg språkpolitikk på den eine sida, og meir substansielt *språksikrande* tilnærmingar på den andre (De Schutter, 2007, Schiffman, 1998, Slagstad, 1994).

Ein prosedural språkforvaltningsposisjon inneber at dei aktuelle språka får *like vilkår* i tevlinga på dei lingvistiske marknadene. Det skal altså leggjast til rette for at folk sine språkval skjer med grunnlag i rettvise prosessar. Dette kan *også* karakteriserast som språknøytralitetspolitikk – men då ikkje ein som ber preg av vel-

meinande likesæle og ein minimal stat. I staden har denne varianten av språknøytralitet preg av det den politiske filosofen Joseph Carens kallar *evenhandedness* (Carens, 2000). Omgrepet refererer til eit statleg regime som *aktivt* legg til rette for *alle* språkgrupper – ikkje som særbehandling, men som ei strengt rettviss fordeling som gjev alle grupper like mykje eller like verdifulle midlar og ressursar. Poenget til Carens er at «evenhandedness» fyrst og fremst «requires us to pay attention to and respect people's identities and cultural commitments rather than ignore them» (Carens, 2000, s. 9), at rettferd ikkje skal kome som likt fordelt likesæle, men som likt fordelt og samanliknbar statleg støtte og godkjenning. Eg har omsett «evenhandedness» til *raus rettferd*. I ein prosedural språkvelferdsstrategi er det altså *rettferdig prosedyre* som er det politisk relevante når formelle institusjonar skal formast ut og rettferdiggjera.

I ein substansielt språksikrande velferdsstrategi, derimot, er det *identifikasjonen mellom språk og språkbrukar* som er det politisk avgjerande. Når institusjonar skal formast slik at dei *sikrar* dei aktuelle språka for brukarane sine, må dei legitimerast med at språka har identitets- og kulturverdi for menneska som nyttar dei. Strategien kan dermed innebere forfordeling av større språkgrupper. *Språksikring* er ein term som er omsett frå Denise Réaumes *linguistic security* (Green og Réaume, 1989, Réaume, 1993, Réaume, 2003).

Språkvelferdsordningane som har vorte etablerte på opplæringsfeltet og kulturfeltet, er ikkje designa for at det nynorske språksamfunnet på den eine sida, eller bokmålspråksamfunnet på den andre, får *sikra* språka sine. Ordningane er ikkje forma for å gje eit særleg språkpolitisk *resultat*, dei er altså ikkje konkurransevidande og målretta. I så måte held den norske staten seg med språkvelferdsrettar som er forma etter same prinsippet som velferdsrettar på andre samfunnsområde: Det er staten si oppgåve å fordele raust og rettvist for at alle skal ha ein god sjanse til å klare seg. Så er det sosiale og kulturelle *resultatet* av desse rettane opp til oss brukarar.

## PROBLEMET MED SPRÅKLEG VELFERDSUNIVERSALISME

I den politiske velferdsdiskursen er dei sentrale argumenta for universalmodellen at han sikrar eit brukbart nivå for dei svakaste, fordi han gjev legitimitet til og allmenn oppslutning for gode nok velferdsordningar, og fordi forvaltninga av desse er regelstyrd og transparent. Ordningar som byggjer på behovsprøving, er derimot skjønnsstyrde og kan dermed alltid forhandlast (Hatland, Kuhnle og Romøren, 2011, Kildal og Kuhnle, 2005). Det er greitt å sjå at desse argumenta er gyldige i språkpolitisk forvaltning òg, og at universalmodellen på mange vis er tenleg for dei som tilhøyrer utsette mindretal i ein kynisk språkleg marknad.

Kva meiner eg så med ein kynisk språkleg marknad? For å bruke ein metafor frå naturvitskapen: Den lingvistiske erosjonslogikken er nådelaus (Eskeland, 2007). Når språk møtest, som dei gjer i større og større grad i heile verda, vil den uregulerte lingvistiske marknaden favorisere dominerande språk i kraft av kjøtvekta deira. Språkutvikling etter språkkontaktsituasjonar skjer altså oftast på dei største språka sine premissar (Mæhlum, 2007). I fredelege kontaktsituasjonar, som i tilhøvet mellom nynorskbruk og bokmålsbruk, altså i situasjonar der språkbrukarane i ulike språkgrupper har mykje med kvarandre å gjere og det er *mykje* språkkontakt, vil mindretalsspråket ofte måtte ofre særleg mykje. Språkrettsvitaren Philippe Van Parijs formulerer denne mekanismen slik: «The nicer people are with one another; the nastier languages are with each other» (Van Parijs, 2000, s. 3).

Som språkleg mindretalssamfunn er nynorskbrukarar avhengige av dei nemnde reguleringane. Frå nynorskbrukaren sitt perspektiv kan språkleg universalisme altså sjåast som naudsynt fordi det garanterer språklege rettar. Men spørsmålet er om universalisme er *tilstrekkeleg* for ei språkleg mindretalsgruppe, og det spørsmålet skal diskuteras avslutningsvis.

Likevel vil eg understreke at jamvel om ein er kritisk til universalmodellen når det gjeld språkforvaltning, treng ein ikkje avvise argumenta for velferdsuniversalisme på andre samfunnsområde. Dei norske velferdsordningane er utforma for å verne veike og utsette personar, og såleis er dei grunnleggjande individuelle. Bestefar sin rett til alderspensjon eller hofteoperasjon er ikkje påverka av at andre ikkje brukar retten sin til det same. Det går altså ikkje ut over andre individ om nokon ikkje nyttar seg av ei velferdsordning.

Men slik fungerer det ikkje med språklege velferdsrettar. Dersom naboen til bestefar let vere å nytte seg av sine rettar til å skrive nynorsk offentleg, vert det vanskelegare for bestefar å gjere det. Dersom ungane til naboen min let vere å nytte seg av sine rettar til å skrive nynorsk i klasserommet, vert det vanskelegare for ungane mine å gjere det. Dess mindre det blir av eit særskilt språk på eit særskilt domene, dess mindre vert folk eksponerte for dette språket, og dess vanskelegare vert det både å meistre det og å tolerere det. Språk er altså eit gruppefenomen. *Individuell* bruk av eit språk er avhengig av at eit *kollektiv* brukar og set pris på det (Rubio-Marin, 2003, Réaume 2003).

## INNOVATIVE STRATEGIAR FOR SPRÅKLEG VELFERD?

På det økonomiske feltet tek universalmodellen sikte på å sikre det utsette *individet*. Men på det språklege feltet gjeld altså andre tyngdelover – her må den universelle velferdsmodellen òg ta sikte på å sikre det utsette *språkkollektivet*. Med dette

som utgangspunkt vil eg kort og meir normativt diskutere nye prinsipp for språkleg velferd, prinsipp som legg universalmodellen til grunn, men som òg etablerer differensierte ordningar for det nynorske språksamfunnet.

Eg skal nemne to enkle døme på kva slike differensiering kan vere. Det fyrste dømet er frå opplæringsfeltet. Nynorskelevar møter det skriftlege opplærings-språket sitt i langt mindre grad enn bokmåselevar, både på skulen og på fritida. Vilkårå til elevar som skal lære nynorsk, er dermed svært ulike vilkårå til elevar som skal lære bokmål, noko som i ytste konsekvens fører til språkskifte til bokmål. Forsking på språkskifte frå nynorsk til bokmål i skulen syner at det i somme regionar er så mykje som 70 prosent av nynorskelevane som byter til bokmål, og som oppgjev som ei sentral grunngeving at bokmål er lettare (Garthus, 2009). Ei gransking frå Møre og Romsdal syner også merkbart språkskifte i vidaregåande skule i fylket (Øvrelid, 2014).

At vilkårå for skriftleg morsmåslæring er ringare for nynorskelevar, er ein ukontroversiell påstand. Innsikta har likevel ingen konsekvensar for språkopplæringsrettar eller språkopplæringsordningar. Fagfolk har dei siste åra etterlyst differensierte læreplanar som gjev nynorskelevar meir og annleis morsmåsoplæring (Garthus, 2009, Skjong og Jansson, 2011). Ein kan tenkje seg at delar av norskfaget har ei anna organisering for nynorskelevar enn for bokmåselevar, for å gje fyrstnemnde meir systematisk opplæring i rettskriving og formverk, for å gje dei meir medvit om og fleire reiskapar til å handtere språksosiologiske maktstrukturar og språkskiftmekanismar, og for å eksponere dei mindre for bokmål. Men sams for desse språkopplæringspolitiske framlegga er at dei møter motstand i den paradigmatisk universalismen.

Det andre dømet er frå feltet offentleg teneste. Lov om offentleg målbruk seier at statsorgan med heile landet som tenestekrins skal bruke minst 25 prosent av nynorsk eller bokmål. Dermed skal Lotteri- og stiftingstilsynet i Førde, Direktoratet for forvaltning og IKT på Leikanger og Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskulen i Volda nytte minst 25 prosent bokmål – og det gjer dei. Om målet ikkje var nøytral likebehandling, men substansiell *sikring* av eit mindre språksamfunn, kunne ein etterlyse ei differensiert mållov som gav dei nemnde institusjonane rett til å gjere det dei kunne for å eksponere offentlegheita for mest mogleg nynorsk, ikkje berre 75 prosent.

Eit sentralt motargument mot målstyring av økonomiske ressursar til dei som treng det mest, er at det vert mindre til resten om ramma skal haldast og utgiftsveksten stoggast. Dette omsynet eksisterer knapt nok i staten sin distribusjon av språklege velferdsrettar, ettersom dei er nær gratis jamført med trygder og helsestell. Ei gruppe kan altså tilkjennast fleire språklege rettar utan at det må

finansierast med å ta rettar frå andre. Ligg universalmodellen i botn, vil heller ikkje differensiering til fordel for det nynorske språksamfunnet utfordre den allmenne oppslutninga rundt norsk språkpolitikk. Men den reindyrka universalismen som har styrt norsk språkforvaltning det siste hundreåret, er i praksis likesæl til språkskifte og språkforvitring. Difor har eg her argumentert for at *språkpolitisk differensiering* er ein innovativ og jamvel nødvendig strategi for å sikre språkleg velferd for det nynorske språksamfunnet, og dermed for å oppretthalde dei to norske skriftspråka.

## LITTERATUR

- Barry, B. (2001). *Culture and equality. An egalitarian critique of multiculturalism*. Cambridge: Polity.
- Berlin, I. (1969). «Two Concepts of Liberty». I *Four essays on liberty*. Oxford: Oxford University Press.
- Bjørhusdal, E. (2014). *Mellom nøytralitet og språksikring. Norsk offentlig språkpolitikk 1885–2005*. Avhandling (ph.d.). Universitetet i Oslo.
- Bjørhusdal, E. (2015). «Nøytralitet eller nynorsk? Språkpolitiske hovudprinsipp i norsk opplæring.» I Hjalmar Eikesund og Jan Olav Fretland (red.), *Nye røyster i nynorskforskinga* (s. 104–119). Oslo: Samlaget.
- Cardinal, L. og Sonntag, S. K. (red.) (2015). *State Traditions and Language Regimes*. Montreal & Kingston, London, Ithaca: McGill-Queen's University Press.
- Cardinal, L. (2015). «State tradition and language regime in Canada.» I Linda Cardinal og Selma K. Sonntag (red.), *State traditions and language regimes* (s. 29–43). Montreal & Kingston, London, Ithaca: McGill-Queen's University Press.
- Carens, J. H. (2000). *Culture, citizenship, and community. A contextual exploration of justice as evenhandedness*. Oxford: Oxford University Press.
- De Schutter, H. (2007). «Language policy and political philosophy. On the emerging linguistic justice debate.» *Language Problems & Language Planning* (no. 1), 1–23.
- Engen, T. O. og Kulbrandstad, L. A. (2004). *Tospråkligheit, minoritetsspråk og minoritetsundervisning*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Eskeland, B. (2007). *Ordradering på Stord*. Upublisert hovudoppgåve i nordisk. Universitetet i Oslo.
- Garthus, K. M. Kvåle. (2009). *Rapport om språkskifte i Valdres*. Noregs Mållag.
- Gazzola, M. (2014). *The evaluation of language regimes. Theory and application to multilingual patent organisations*. Amsterdam, Philadelphia: John Benjamins Publishing Company.
- Gramstad, S. (2010). «Vern av minoritetsspråk i Europa. 20 år etter Berlinmurens fall.» *Syn og Segn* (nr. 1), 80–87.
- Green, L. og Réaume, D. (1989). «Education and linguistic security in the Charter.» *McGill Law Journal* (nr. 4), 777–816.
- Grepstad, O. (2010). *Språkfakta 2010*. Ørsta: Nynorsk kultursentrum.

- Hatland, A., Kuhnle, S. og Romøren, T. I. (red.), (2011). *Den norske velferdsstaten*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Hauge, A. M. (2007). *Den felleskulturelle skolen* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Haugland, K. (1985). *Striden om skulespråket. Frå 1860-åra til 1902*. Oslo: Samlaget.
- Jansson, B. K. og Skjong, S. (2011). Norsk = nynorsk og bokmål. Ei grunnbok om nynorsk i skolen. Oslo: Samlaget.
- Kettunen, P., Kuhnle, S. og Yuan, R. (red.) (2014). *Reshaping welfare institutions in China and the Nordic countries*. Helsinki: Nordic centre of excellence NordWel.
- Kildal, N. (2006). «Universalisme versus målretting – de evig tilbakevendende argumenter.» I *Nordisk sosialt arbeid*. 26: 2–13. Oslo: Universitetsforlaget
- Kildal, N. og Kuhnle, S. (red.) (2005). *Normative Foundations of the Welfare State*. London: Routledge.
- Kildal, N. og Kuhnle, S. (2005). «The principle of universalism: Tracing a key idea in the Scandinavian welfare model.» I Nanna Kildal og Stein Kuhnle (red.), *Normative Foundations of the Welfare State*. London: Routledge.
- Kuhnle, S. og Kildal, N. (2011). «Velferdsstatens idégrunnlag i perspektiv.» I Aksel Hatland, S. Kuhnle og T.I. Romøren (red.), *Den norske velferdsstaten*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Kuhnle, S. og Ervik, R. (2011). «Velferdsstatens politiske grunnlag.» I Aksel Hatland, Stein Kuhnle og Tor Inge Romøren (red.), *Den norske velferdsstaten*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Kymlicka, W. og Patten, A. (red.) (2003). *Language rights and political theory*. Oxford: Oxford University Press.
- Kymlicka, W. (1995). *Multicultural citizenship. A liberal theory of minority rights*. Oxford: Clarendon Press.
- Laitin, D. D. og Reich, R. (2003). «A liberal democratic approach to language justice.» I Will Kymlicka og Alan Patten (red.), *Language rights and political theory* (s. 80–104). Oxford: Oxford University Press.
- Laponce, J. A. (2004). «Minority languages and globalization.» *Nationalism and ethnic politics* (nr. 1), 15–24.
- Lewis, H. (2011). «Liberalism, language revival and employment.» *Political Studies*, 59, 1017–1033.
- Lewis, M. P., Simons, G. F. og Fennig, C. D. (2013). *Ethnologue. Languages of the World* (online version). Henta 14.1.2014, frå <http://www.ethnologue.com/country/NO/status>.
- Lilleholt, K. og Gramstad, S. (1983). *Lov om målbruk i offentlig teneste. Med kommentarar*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Mæhlum, B. (2007). *Konfrontasjoner. Når språk møtes*. Oslo: Novus forlag.
- Nybø, B. N. (2013). *Skriftkulturen i ei språkleg revitalisering. Ei samamlikning av framveksten av irsk og nynorsk skriftkultur*. Avhandling (ph.d.). Universitetet i Oslo.
- Patten, A. og Kymlicka, W. (2003). «Introduction: Language rights and political theory: Context, issues and approaches.» I Will Kymlicka og Alan Patten (red.), *Language rights and political theory* (s. 1–51). Oxford: Oxford University Press.
- Patten, A. (2003). «What kind of bilingualism?» I Will Kymlicka og Alan Patten (red.), *Language rights and political theory* (s. 296–321). Oxford: Oxford University Press.



- Pedersen, P. og Høgmo, A. (2012). *Sápmi slår tilbake. Samiske revitaliserings- og moderniseringsprosesser i siste generasjon*. Kárášjohka: ČálliidLágádus.
- Pinto, M. (2009). «Who is afraid of language rights in Israel?» I Ohad Nachtomy og Avi Sagi (red.), *The multicultural challenge in Israel* (s. 26–51). Boston: Academic Studies Press.
- Réaume, D. (1993). «The group right to linguistic security – whose right, what duties?» I J. Baker (red.), *Group rights* (s. 118–141). Toronto: University of Toronto Press.
- Réaume, D. (2003). «Beyond personality: The territorial and personal principles of language policy reconsidered.» I Will Kymlicka og Alan Patten (red.), *Language rights and political theory* (s. 271–295). Oxford: Oxford University Press.
- Ricento, T. (2000). «Historical and theoretical perspectives in language policy and planning.» *Journal of Sociolinguistics* (nr. 2), 196–213.
- Robichaud, D. og De Schutter, H. (2012). «Language is just a tool! On the instrumentalist approach to language.» I Bernard Spolsky (red.), *The Cambridge handbook of language policy* (s. 124–145). Cambridge: Cambridge University Press.
- Rubio-Marín, R. (2003). «Language rights: Exploring the competing rationales.» I Will Kymlicka og Alan Patten (red.), *Language rights and political theory* (s. 52–79). Oxford: Oxford University Press.
- Salminen, T. (2007). «Endangered languages in Europe.» I Matthias Brenzinger (red.), *Language diversity endangered* (s. 205–232). Berlin: Mouton de Gruyter.
- Samelova. (1987). *Lov om Sametinget og andre samiske rettsforhold*. Lovdata. Henta 16.1.2014, frå <http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1987-06-12-56>.
- Schiffman, H. F. (1998). *Linguistic Culture and Language Policy*. London: Routledge.
- Skogvang, S. F. (2009). *Samerett*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Slagstad, R. (1994). «Feminismen som normativ teori.» *Nytt norsk tidsskrift* (nr. 1), 50–59.
- Sonntag, S. K. og Cardinal, L. (2015). «Introduction. State traditions and language regimes: Conceptualizing language policy choices.» I Linda Cardinal og Selma K. Sonntag (red.), *State traditions and language regimes* (s. 3–26). Montreal & Kingston, London, Ithaca: McGill-Queen's University Press.
- Sonntag, S. (2015). «State tradition and language regime in the United States.» I Linda Cardinal og Selma K. Sonntag (red.), *State traditions and language regimes* (s. 44–61). Montreal & Kingston, London, Ithaca: McGill-Queen's University Press.
- Spolsky, B. (2012). «What is language policy?» I Bernard Spolsky (red.), *The Cambridge handbook of language policy*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Søberg, M. og Tangerås, T. P. (2003). «Voter turnout in direct democracy: theory and evidence.» Working paper (Bd. 596). Stockholm: IUI.
- Van Parijs, P. (2011). *Linguistic Justice for Europe and for the World*. Oxford: Oxford University Press.
- Vikør, L. S. (2007). *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis* (3. utg.). Oslo: Novus.
- Williams, C. H. (2012). «Language policy, territorialism and regional autonomy.» I Bernard Spolsky (red.), *The Cambridge handbook of language policy* (s. 174–202). Cambridge: Cambridge University Press.
- Øvrelid, I. Nevstad (2014). *Språkskifte ved tre vidaregåande skular i Møre og Romsdal. Påverknad og haldningar*. Masteroppgåve i nynorsk skriftkultur. Høgskulen i Volda.